



Inger Hellem
Leknesvegen 91
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3425 - 14/10306

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
21.05.2014

Utsleppsløyve for fritidsbustad - gbnr 195/176 Leiknes

Kommunen gjev i samsvar med Forskrift om begrensing av forurensing kap 12 utsleppsløyve for 1 fritidsbustad, 2 pe, i samsvar med søknad motteke 07.04.2014 og supplerande dokumentasjon motteke 25.04.2014.

Løyyet vert gjeve på følgjande vilkår:

Avlaupet skal reinsast i slamavskiljar av godkjend type før det reinsa avlaupet vert ført i tett leidning til eksisterande utsleppsleidning som går til sjø, jf kart datert 01.04.2014.

Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tømmast innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga.

Det skal betalast årleg gebyr for slamtømming i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

Eigedommen skal knytast til offentlig godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.

Eigar av utsleppet er ansvarleg for eventuell forureining frå anlegget, jf forureiningslova § 7.

Det er søkt om byggjeløyve for etablering av anlegget i samsvar med plan- og bygningslova § 20-1. Saka vert handsama i eige vedtak.

Saksutgreiing:

Søknaden gjeld legalisering av utsleppsløyve frå fritidsbustad på gnr. 195/176 i samband med at det er søkt om tilkopling til det kommunale vassverket. Avlaupsanlegget vart etablert i 1997/98 utan at det var gitt utsleppsløyve.

Avlaupet skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa avlaupet vert ført til eksisterande avlaupsleidning frå eigedomane Leiknesvegen 97, 103 og 107, som går til sjø.

Anlegget skal plasserast som vist på situasjonskart datert 01.04.2014.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Det er installerast WC i bygget.

Utsleppet sin storleik er oppgitt til 2 pe.

Slamtømming er mogleg, jf melding frå føretaket Johnny Birkeland Transport AS.

Eigedomen har vegrett, jf innsend erklæring.

Tiltaket er nabovarsla. Det er ikkje registrert nabomerknader.

Det ligg føre erklæring med løyve til å knyta seg til eksisterande avlaupsleidning.

Eigedomen ligg innanfor reguleringsplan for Leiknes vest. Tiltaket vert vurdert å vera i samsvar med plan.

Vurdering:

Kommunen føreset at den etablerte avlaupsleidningen har tilstrekkeleg kapasitet og er ført ut på tilfredsstillande djupne. Eigarane av anlegget er ansvarleg for forureining av anlegget. Dersom det oppstår forureining som følgje av utsleppet eller reinsekrava i resipienten vert endra, kan eigarane av anlegget få pålegg om oppgradering av anlegget.

Reinseløysinga krev slamtømming og eigedomen skal knytast til kommunal slamtømmeordning.

Slamavskiljarar tilknytt fritidsbustadar skal tømmeast ikkje sjeldnare enn kvart 4. år, jf forureiningsforskrifta § 12-13.

Administrasjonen finn etter ei samla vurdering å kunne gje utsleppsløyve som omsøkt.

Gebyr:

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ.

17.3.2.a)	Utslepp < 50pe	Kr 5 300,-
	Totalt å betala	Kr 5 300,-

Bortfall av løyve:

Dersom arbeidet ikkje er igangsatt seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, eller arbeidet vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt, må ny søknad sendast inn.

Klagerett:

Det er klagerett på vedtaket, jf forvaltningslova § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert klaga på (vedtaket) og kva endringar De som part ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve

kunne reisasst når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansen si avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Stendal VVS AS
Teknisk drift

Blombakken 1 5908

ISDALSTØ

Mottakarar:

Inger Hellem
Jon Arne Hopsdal

Leknesvegen 91 5915
Leknesvegen 103 5911

HJELMÅS
ALVERSUND